

Adresseinformasjon fylles inn ved ekspedering. Se mottakerliste nedenfor.

Vår dato: 11.03.2025

Vår ref.: 202504014-5 Oppgi ved kontakt

Dykkar ref.:

Høring av detaljplan for 132 kV kraftledning Håland-Tjøtta-Vagle

I brev datert 6. mars 2025 mottok Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE) detaljplan, søknad om oreigning og førehandstiltreding frå Lnett AS for 132 kV kraftledning Håland - Tjøtta - Vagle i Time, Klepp og Sandnes kommunar, i Rogaland fylke. No sender vi detaljplanen og søknaden om oreigning og førehandstiltreding på høyring, og ber om at fråsegner vert sendt til NVE innan 23. april 2025.

Konsesjonen ligg fast

Løyve til bygging av ein ny 132 kV kraftledning Håland-Tjøtta-Vagle er gitt i NVE sitt vedtak datert 16. august 2024. Konsesjonen ligg til grunn for denne høyringa, og difor er ikkje sjølve konsesjonsspørsmålet gjenstand for ny høyring.

I samband med konsesjonshandsaminga var konsesjonssøknaden for 132 kV kraftledning Tjøtta - Vagle i Time på offentleg ettersyn. Detaljplanen vert sendt på høyring til eit mindre utval av høyringsinstansar.

Vi konstatera at KE Nett si konsesjon for Tjøtta transformatorstasjon er klaga på og til handsaming hos Energidepartementet.

Kva inneheld detaljplanen som NVE godkjenner og følgjer opp?

Eit av krava i anleggskonsesjonen er at det skal utarbeidast ein detaljplan. Ein detaljplan er ein plan for korleis anlegget skal byggjast for å ivareta krava i konsesjonen. Detaljplanen skal og konkretisere korleis Lnett skal bygge og drive anlegget, slik at miljø og landskap vert teke best mogeleg i vare. Planen skal utarbeidast i kontakt med aktuelle kommunar, grunneigarar og andre med rettar i tiltaksområdet.

Detaljplanen skal vere godkjent av NVE før arbeida tek til, og det er denne planen vi sender på høyring. Dokumenta er tilgjengeleg på NVE si nettside nve.no/5201/A.

NVE fører tilsyn av anleggsarbeidet

Bygging av anlegget er underlagt offentleg tilsyn, og tilsynet vert utøvd av NVE. NVE vil føre tilsyn med at arbeida skjer i samsvar med konsesjonsvilkår og godkjende planar. Vi vil og



føre tilsyn for å følge opp at anleggsområda vert forsvarleg rydda og istandsett. NVE kan gjennomføre inspeksjon for å kontrollere at tiltaket og sluttresultatet er i samsvar med konsesjon og godkjend detaljplan. Vi ønskjer eit godt samarbeid med kommunane, og vil eventuelt invitere kommunane til å delta på desse inspeksjonane.

Kva ønskjer vi tilbakemelding på frå høyringspartane?

132 kV kraftleidning Håland-Tjøtta-Vagle er nyleg konsesjonshandsama og konsesjonssøknaden har vore gjenstand for offentleg ettersyn. I denne høyringa ber vi om innspel på endringar av tiltaket som ikkje har vore gjenstand for høyring gjennom konsesjonsprosessen.

Vi ønskjer tilbakemeldingar frå høyringspartane på vedlagde detaljplan.

NVE ønskjer at Klepp kommune særskild omtaler konsesjonsvilkår nr. 14 om ekstern finansiering av meirkostnad for jordkabel i tilbakemeldinga si.

Søknad om oreigning og førehandstiltreding

Oreigningsspørsmålet knytt til permanente tiltak er avklart gjennom eige vedtak i samband med kunngjord anleggskonsesjon i august 2024. Oreigning til mellombels bruk i samband med riggplassar og transport (mellombels bruksrett) blir behandla i tilknytning til detaljplanen.

Lnett ønskjer å oppnå frivillige avtalar med alle ramma grunneigarar knytte opp mot mellombels bruksrett. I tilfelle slike avtalar ikkje blir oppnådde, blir det søkt i medhald av oreigningslova av 23. oktober 1959, § 2 punkt 19 om løyve til oreigning og førehandstiltreding til nødvendig rettar for å byggje dei elektriske anlegga, under dette rettar for all nødvendig ferdsel og transport. Førehandstiltreding inneber at grunn og rettar kan takast i bruk før skjønn er halde. Grunn- og rettshavarar som blir ramma av oreigningssøknaden, kan finne relevant informasjon om kva det inneber på <http://www.nve.no/grunneierinfo>.

Forholdet til plan- og bygningslova

Energianlegg med konsesjon etter energilova er med heimel i forskrift om byggesak § 4.3 unnateke frå byggesakshandsaming etter plan- og bygningslova.

Frist for fråsegn

Vi ber om at fråsegner til detaljplanen og søknad om oreigning til mellombels bruk og førehandstiltreding vert sendt til NVE innan **23. april 2025**.

Fråsegner kan sendast inn på éin av følgjande måtar:

- via innmeldingsløysningen på nve.no/5201/A
- via e-post til nve@nve.no (merk e-post med «Fråsegn» og saksnummer 202504014 i emnefeltet, og oppgi namn og organisasjonsnummer i innleiinga dersom du representerer ei verksemd).



- via brev til NVE, Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO (merk brevet med «Fråsegn» og saksnummer 202504014).

Konsesjonæren sitt ansvar

Vi vil i eigen e-post til Lnett sine kontaktpersonar orientere om korleis grunneigarar og rettshavarar skal varslast om høyringa.

Lnett har ansvaret for å avklare privatrettslege forhold med dei som har rettar i tiltaksområdet, og for å innhente nødvendige løyve etter anna lovverk før arbeida kan starte.

Med helsing

Christian Achilleas Dybro Karkalatos
Avdelingsingeniør

Godkjent av Matilde Anker
Seniorrådgiver

Godkjent etter NVE sine interne rutinar.

Mottakarliste:

ROGALAND FYLKESKOMMUNE
STATSFORVALTEREN I ROGALAND
KLEPP KOMMUNE
TIME KOMMUNE
Energidepartementet
LNETT AS
Grunneiere/rettighetshavere
SANDNES KOMMUNE
SVEIN HODNE

Kopimottakarliste:

LNETT AS - Eva Marie Østerhus